

Purring om fartsreduksjon

21.09.2013

Bondelaget i dalen har no purra på kommunen fordi den ikkje har reagert på søknaden som vart sendt i april om fartsreduksjon på Kjerlandssido.

Leiar Olav Hjetland Bringedal finn det uhaldbart å venta på svar i 4-5 månadar frå ein offentleg instans. Det verkar respektlaust og ein får lett inntrykk av at ein ikkje tek sine egne innbyggjarar på ålvor.

Hjetland Bringedal held fram:

I dette tilfelle var det trafikktryggleik i nærområdet et gjaldt. Det er ein viktig sak både for oss som bur i området og for det offentlege, skulle ein tru.

Difor ynskjer bondelaget å veta kva praksis kommunen har på å svara på slike henvendingar og ikkje minst kva tid vi kan rekna med at tiltaket vert iverksett.

Av Ola Matti Mathisen